



Sakshandsamar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57 64 31 40
E-post: Gunn.Helen.Henne@fylkesmannen.no

Vår dato
29.08.2014

Vår referanse
2014/2120 – 461.2
Rapportnummer
2014.035.I.FMSF

Førde kommune
Postboks 338
6802 Førde

Kontrollaksjon avløp 2014: Tilsyn hjå Førde kommune – krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrollørane kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetringpunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen: Frå verksemda: Magne Reidar Førde, driftsansvarleg Steffen Ben Jonstad, system controller Bernhard Øberg, einingsleiar	Frå miljøvernavingdelinga hjå Fylkesmannen: Gunn Helen Henne Grete Hamre
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 3 avvik frå ureiningsregelverket, og gjeve to merknader. Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 1 om klimatilpassing. Tilbakemelding om retting av avvik må sendast til Fylkesmannen **innan 8. september**.

Rapporten er endra mht. kommentaren vår til avvik 1 etter dykkar tilbakemelding på første rapport frå 11.7.2014 og telefonsamtale 29.8.2014. Svarfristen er også forlenga med ei veke. Rapporten er no vurdert som endeleg. Faktura for vedteke kontrollgebyr på kr. 12 000,- vert sendt frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Grete Hamre
overingeniør

Gunn Helen Henne
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

1. Informasjon om verksemda:

Namn på anlegg: Førde by - Øyrane reinseanlegg	Anleggsnr.: 1432.0021.01
Namn på verksemda: Førde kommune	Organisasjonsnr.: 963923511 (KOMM)
Besøksadresse: Øyrane 10, Førde	Kontrolldato: 4. juni 2014
Postadresse: Postboks 338, 6802 Førde	Løyvedato og internt nr.: 11.4.2007 (2007.025.T)
Risikoklasse: 3	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

2. Om kontrollen frå ureiningstilsynet

Tilsynet vart gjennomført for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert haldne. Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), og ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen.

Dette tilsynet er del av ein landsdekkande aksjon for å kontrollera om kommunane held miljøkrava til avløpsanlegga og om kommunane førebur seg godt nok på forventa klimaeffektar som til dømes auke i nedbørsmengde. Aksjonen er ei oppfølging av kontrollaksjonar som vart gjennomført i 2008 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- mål og strategi for avløpssektoren
- handlingsplanar/saneringsplanar
- klimaendringar og klimatilpassing
- overløp
- leiingsnett
- akkreditert prøvetaking
- etterleving av reinsekrav
- driftsstabilitet i reinseanlegg
- risikovurdering av avløpsanlegget
- framdrift for stetting av reinsekrav gjeve i utsleppsløyvet

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved denne kontrollen. Kommunen må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at de kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under [kap. 39 i ureiningsforskrifta](#).

3. Oppfølging etter kontrollen

Kommunen pliktar å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **8. september 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

Orientering om tvangsmulkt

Dersom kommunen innan tidsfristen ikkje kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er sett i verk, kan Fylkesmannen varsle tvangsmulkt til staten. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndrivning av forfallen tvangsmulkt.

4. Kontrollgebyr

Gebyrordninga for tilsyn frå Fylkesmannen vart orientert om som del av kontrollen. Gebyrsatsen for denne kontrollen er bestemt av avløpsanlegget sin risikoklasse, og vart også opplyst om på kontrollen. Vi har ikkje motteke merknader til varselet som vart gjeve, og gjer difor vedtak i samsvar med det som vart varsla:

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemnda er plassert i risikoklasse 3, jf. ureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll som varer inntil ein dag. Risikoklasse er fastsett ved handsaming av utsleppssøknad, og er oppgjeven i utsleppsløyvet. Det vil seie at Førde kommune må betale kr. 12 000 i gebyr for den gjennomførte kontrollen.

Faktura vert send frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt gebyr refundert.

5. Offentleggjering

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentleglova.

6. Avvik

Desse avvika vart påviste under kontrollen:

Avvik 1 Kommunen har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar

Avvik frå: Vilkår i utsleppsløyvet punkt 3.2 (avløpsnett) og 3.3 (utforming og drift av reinseanlegg).
Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 6 (risikovurdering).
Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 7 (førebyggje lovbrøt).

Kommentarar:

Førde kommune har per i dag ikkje undersøkt korleis avløpsanlegget vil bli påverka med omsyn til framtidige klimaendringar. Dette var også gjeve ein merknad på ved førre kontroll i 2010, då klimatilpassing var eitt av tre sentrale tema for kontrollaksjonen.

Det er ikkje gjort dokumenterte vurderingar eller utrekningar av kva for konsekvensar og verknader forventa framtidige nedbørsmengder og havnivå kan få på avløpsnettet og reinseanlegget. Generelle klimaprogosar for Noreg og Vestlandet er ikkje omsett til verknader på Førde kommune sitt avløpssystem, verken ved modellutrekningar eller ved andre vurderingar.

Førde kommune har i sin kommunedelplan for energi, miljø og klima for 2010-2015 peikt på at framtidige klimaendringar kan komme til å gjere skade på infrastruktur og skape problem for avløpssystema. Dette er også nemnt som trugsmål i tilstandsanalysen for VA-anlegg frå 2012. Nokre tiltak for generell oppgradering og sanering av avløps- og overvatnsystem er lagt inn i handlingsplanen til kommunedelplan VA for 2014-2025, stort sett med fristar 2017-2025. Blant desse er planlagt tiltak om klimarevisjon av eksisterande regulerings- og utbyggingsplanar innan utgangen av 2017. Økonomiplanen for 2015-2018 har enkelte fornyings- og fortettingsprosjekt med avsett budsjett i perioden 2015-2019. Det blir elles opplyst at det generelt vert lagt inn ei viss overdimensjonering av nye avløpsleidningar for å «ha litt å gå på». Kva det konkret må forventast at ein skal ta høgde for på avløpsområdet i Førde kommune mht klimamessige utfordringar framover, er likevel ikkje nærare utgreidd enno.

Kommunen må som del av den langsiktige planlegginga på avløpsområdet, skaffe seg så god oversikt som mogleg over forventa klimaendringar og verknader desse kan få. De må vidare vurdere om det er behov for førebyggjande tiltak av ulike slag, i tillegg til kriseberedskap. Desse vurderingane må dokumenterast. Avløpsnett og reinseanlegg må også i åra framover haldast tilstrekkeleg dimensjonerte, driftast og vedlikehaldast for å fungere tilfredsstillande.

Fylkesmannen sitt inntrykk etter denne kontrollen er at det ikkje har skjedd så mykje konkret nytt på avløpssektoren i Førde kommune mht. klimatilpassing sidan sist avløpsaksjon i 2010, sjølv om de har begynt å planlegge litt. I denne kontrollaksjonen vurderer vi det som eit alvorleg avvik.

Avvik 2 Kommunen har tatt ut for få prøver av avløpsvatnet i 2013, og har ikkje rutine for løpande vurdering av reinseresultat

Avvik frå: Vilkår i utsleppsløyvet punkt 3.1 (reins- og utsleppskrav), 3.4 (prøvetaking), 3.5 (analyse) og 3.6 (vurdering av analyseresultat).
Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 7 (førebyggje lovbrøt).

Kommentarar:

Dokumentasjonen på prøvetaking av avløpsvatnet viser at det på 21 dagar fordelt over året er teke ut prøver som er analysert for BOF, KOF og fosfor i 2013, mens kravet er 24 prøver per år.

I tillegg er det ikkje målt innløpsverdiar for nokon av parametrane i halve året (januar – juni) – kun utløpsverdiar. For fosfor skal reinseeffekten vurderast som årleg middelværdi av prosentvis fosforreduksjon i reinseanlegget. Det må difor finnast måledata for både innløp og utløp for heile året for å kunne dokumentere at reinseanlegget har fungert tilfredsstillande. Også for BOF og KOF kan reinseeffekten målast som prosentvis reduksjon, men for desse parametrane er det i tillegg sett konsentrasjonskrav for utløpet, der det held å oppfylle det eine kravet.

Dei måledata ein har, både for fosfor, BOF og KOF, tyder ikkje på for dårleg reinsing, men kommunen har ikkje god nok dokumentasjon på at det er oppnådd tilstrekkeleg reinsing for året 2013.

Det skulle også ha vore analysert for tungmetall for seks av dei 24 dagane. Innsendt dokumentasjon viser berre analyseresultat frå fire dagar. Av desse har berre ein dag komplette analysar med både inn- og utløpsverdiar for alle tungmetalla.

Avvika frå utsleppsløyvet mht. prøvetaking/analyse og manglande dokumentasjon på oppnådd tilstrekkeleg reinsing i 2013, vart ikkje følgt opp som avvik av kommunen, sjå avvik 3.

I gjennomgangen av prøvetakinga kom det fram at kommunen ikkje har fast rutine for å vurdere analyseresultata opp mot reinsekrava etter kvart som ein får dei inn. Dette vert først vurdert ved oppsummering av samla reinseresultat for året. Fylkesmannen vil peike på at kommunen, utan ei systematisk oppfølging av analyseresultata etter kvart, risikerer å få for få målingar i året som innfrir reinsekrava i utsleppsløyvet. Det er t.d. ein viss risiko for at det kan skje noko gale med enkeltprøver undervegs, eller resultatata kan vise for dårleg reinseeffekt i reinseanlegget.

Avvik 3 Avvikssystemet for avløpsanlegget har manglar

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

Kommentarar:

Førde kommune har eit overordna elektronisk avvikssystem som gjeld alle verksemdområde i kommunen. Det vart opplyst at dette systemet står framføre ei oppdatering i tida framover, og at det per i dag vert det meldt inn få avvik. Dette kan tyde på at lista for å melde avvik ligg noko høgt i Førde kommune.

Teknisk drift brukar ikkje fellessystemet for avvik, men har i staden eit eige avvikssystem for VA-sektoren, der deira avvik/hendingar vert handterte og lukka. Informasjon om VA-avvika vert i dag ikkje formidla vidare inn i det «sentrale» systemet.

Avvikssystemet er ikkje i praktisk bruk for alle typar aktivitetar på avløpsområdet per i dag. Til dømes er manglar ved prøvetaking/analyser av avløpsvatnet (sjå avvik 2) kun rapportert i KOSTRA, og ikkje handtert som eit avvik internt. Forhold som oppstår og som er enkle å rette vert i stor grad retta på staden utan registrering. Kommunen må sikre at alle relevante hendingar blir registrert i avvikssystemet. Dette vil også gjelde eventuelle avvik frå måla og handlingsplanen m.m. i den nye kommunedelplanen for VA.

Avvika frå VA-sektoren blir i dag ikkje systematisert og rapportert/ gjort tilgjengelege oppover i systemet, eller lagt fram i årsrapportar eller andre oppsummeringar til kommuneleiinga. Dette gjev eit dårlegare grunnlag for systematisk forbetring i internkontrollen.

Avvikssystemet skal m.a. gje systematisk oversikt over uønskte hendingar som kunne fått konsekvensar for ytre miljø. Her må alle typar avvik knytte til avløpsnett, overløp, reinseanlegg, utsleppmålingar og anna inngå. Kommunen står fritt til å ha fleire separate system for melding av avvik. Informasjonsflyten må likevel sikrast slik at alle avvik og nestenuhell som skjer, kan nyttast på ein samla og systematisk måte til både førebygging av nye/gjentekne avvik, i risikovurderingsarbeidet, og elles til læring og forbetring i kommunen sin internkontroll.

7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1 Kommunen har ikkje ein oppdatert saneringsplan

Kommentarar:

Førde kommune har ein ny kommunedelplan for VA, og ei viss løpande prioritering av sanering og andre tiltak på avløpsområdet som del av økonomiplanen. Prioriteringane vert per i dag likevel noko kortsiktige, og kommunen har ønske om å lage ein saneringsplan for å kunne ha ein meir langsiktig strategi for sanering og rehabilitering på avløpsnettet. Saneringsplanen må koordinerast med kommunen sine overordna avvegingar mht. utbyggingsområde i arealdelen til kommuneplanen, og er difor ikkje påbegynt enno. Arealdelen er venta ferdig i løpet av året.

Også ved førre tilsyn i 2010 opplyste kommunen at de var undervegs i arbeidet med ein saneringsplan. Etersom kommunen alt har sanert og fornya mykje av det totale avløpsnettet og har dokumentert oversikt over dei viktigaste problemområda med innlekking m.m., har vi ikkje gitt avvik på dette no.

Merknad 2 Kart over leidningsnettet er ikkje heilt oppdatert

Kommentarar:

Førde kommune har god oversikt og er ajour med innlegging av nye prosjekt. Men det står framleis ein del att for å få systemet heilt ajour og få lagt inn manglande informasjon om t.d. alder, type og tilstand for eksisterande leidningsnett. Stikkleidningar og påkoplingspunkt er heller ikkje med i dag.

8. Andre tilhøve

- Førde kommune har gjort ein god og grundig jobb med å gå gjennom og dokumentere vass- og avløpssektoren dei seinare åra, i samband med ny kommunedelplan VA for 2014-2025. Det er sett mange gode, konkrete resultatmål, med tilhøyrande tiltak og tidfesta handlingsplanar. Fylkesmannen vonar at det også vert jobba like systematisk vidare med å følgje opp at tiltaka vert gjennomførte og at måla vert nådde i samsvar med planen. Det vil også vere viktig å jamleg ajourføre handlingsplanen for det enkelte år, etter kvart som nye tiltak vert bestemte eller omprioriteringar skjer.

- Kommunen er i gang med oppdatering av internkontrollen, der ein sektorvis vil gå gjennom og oppdatere/lage nye rutinar og malar, m.m. VA-sektoren er ikkje påbegynt enno.
- Grunnlagsdokumenta for kommunedelplanen for VA inneheld SWOT-analyser for ulike tema, som til saman gjev eit bilete av kvar kommunen ser overordna risikomoment og vidare tiltaksbehov m.m. For reinseanlegget og leidningsnettet har leverandørar tidlegare gjort eigne ROS-analysar, som kommunen no ser behov for å samle og oppdatere. Vi vil vise til at Norsk Vann-rettleiaren (sjå pkt 9 under) om risikovurdering i avløpsanlegg kan vere eit nyttig verktøy i den vidare prosessen.
- Førde kommune er i godt gang med å oppnå akkreditert prøvetaking gjennom samarbeid med Driftsassistansen i Hordaland (DIHVA). Nokre justeringar mht. mengdemåling av overløp i innløpet i reinseanlegget står att før alt kan bli godkjent av Norsk Akkreditering. Dette er planlagt ferdig i løpet av året.
- Tidlegare utfordringar i samband med påslepp av industrielt avløp frå Nortura verkar i store trekk å vere under kontroll no.
- Fylkesmannen har alt i alt eit positivt inntrykk av det som Førde kommune har gjort på avløpssida dei siste åra.

9. Informasjon til verksemda

I tillegg til gjennomføring av kontrollen, vart det gitt informasjon om

- Ny rettleiar om risikovurdering for ytre miljø i avløpsanlegg ([Norsk Vann, rapport 197/2013](#))

10. Dokumentgrunnlag for kontrollen

- Ureiningslova (*lov 13.3.1981 om vern mot forurensningar og om avfall*).
- Ureiningsforskrifta (*forskrift 1.6.04 nr. 931 om begrensning av forurensning*), hovudsakleg kapittel 11 og 14 i avløpsdelen.
- Internkontrollforskrifta (*forskrift 6.12.96 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter*), med vekt på ytre miljø
- Utsleppsløyvet frå Fylkesmannen, dagsett 11.4.2007.
- Tidlegare kontrollrapportar frå avløpskontrollar i Førde kommune i 2008 og 2010.
- Dokumentasjon frå Førde kommune oversendt i samband med denne kontrollen.